



## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske eldreråd	21.11.2022	015/22
Giske brukarutval	23.11.2022	012/22
Livsløpsutvalet	23.11.2022	039/22
Giske formannskap	15.11.2022	120/22
Råd for menneske med funksjonsnedsetting	24.11.2022	014/22
Giske kommunestyre	08.12.2022	075/22

### Gebyr og betalingsatsar for Giske kommune 2023

#### Innstilling:

1. Giske kommunestyre fastset gebyr og betalingsatsar for 2023 slik dei går fram av vedlegget og endringane ovanfor.
2. Giske kommune skal følgje statleg regulerte maksimalsatsar der slike satsar er vedtekne. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere dei lokale satsane ved endringar i frå staten si side.

#### 08.12.2022 Giske kommunestyre

Endringsforslag frå Kåre Sæter (Ap): *“Giske kommune regulerer leige av utleige bustader til 3,7 prosent i staden for 6,9 prosent. Inndekning vert å kome attende til i sak 074/22.”*

Kommunestyret votert først over tilrådinga. Denne vart samrøystes godkjend.

Endringsforslaget frå Kåre Sæter (Ap) vart samrøystes godkjend.

#### K - 075/22 Vedtak:

1. Giske kommunestyre fastset gebyr og betalingsatsar for 2023 slik dei går fram av vedlegget og endringane ovanfor.

2. Giske kommune skal følgje statleg regulerte maksimalsatsar der slike satsar er vedtekne. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere dei lokale satsane ved endringar i frå staten si side.

Giske kommune regulerer leige av utleige bustader til 3,7 prosent i staden for 6,9 prosent. Den økonomiske konsekvensen er uavklart men vert å innarbeide i ettertid.

#### **24.11.2022 Råd for menneske med funksjonsnedsetting**

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

#### **RMF - 014/22 Vedtak:**

##### **Tilråding:**

1. Giske kommunestyre fastset gebyr og betalingssatsar for 2023 slik dei går fram av vedlegget og endringane ovanfor.
2. Giske kommune skal følgje statleg regulerte maksimalsatsar der slike satsar er vedtekne. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere dei lokale satsane ved endringar i frå staten si side.

#### **23.11.2022 Livsløpsutvalet**

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

#### **LU - 039/22 Vedtak:**

##### **Tilråding:**

1. Giske kommunestyre fastset gebyr og betalingssatsar for 2023 slik dei går fram av vedlegget og endringane ovanfor.
2. Giske kommune skal følgje statleg regulerte maksimalsatsar der slike satsar er vedtekne. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere dei lokale satsane ved endringar i frå staten si side.

#### **23.11.2022 Giske brukarutval**

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

#### **BRU - 012/22 Vedtak:**

1. Giske kommunestyre fastset gebyr og betalingssatsar for 2023 slik dei går fram av vedlegget og endringane ovanfor.
2. Giske kommune skal følgje statleg regulerte maksimalsatsar der slike satsar er vedtekne. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere dei lokale satsane ved endringar i frå staten si side.

## 21.11.2022 Giske eldreråd

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

### ELD - 015/22 Vedtak:

#### Tilråding:

1. Giske kommunestyre fastset gebyr og betalingsattsar for 2023 slik dei går fram av vedlegget og endringane ovanfor.
2. Giske kommune skal følgje statleg regulerte maksimalsattsar der slike sattsar er vedtekne. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere dei lokale sattsane ved endringar i frå staten si side.

## 15.11.2022 Giske formannskap

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

### F - 120/22 Vedtak:

#### Tilråding:

1. Giske kommunestyre fastset gebyr og betalingsattsar for 2023 slik dei går fram av vedlegget og endringane ovanfor.
2. Giske kommune skal følgje statleg regulerte maksimalsattsar der slike sattsar er vedtekne. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere dei lokale sattsane ved endringar i frå staten si side.

### Saksutgreiing:

<b>Kopi til:</b>

Kvart år fremjar kommunedirektøren felles sak til kommunestyre for gebyr og betalingsattsar for Giske kommune. Kommunedirektøren legg fram hefte med framlegg til gebyr og betalingsattsar for 2023.

### Barnehage:

I statsbudsjettet er det forslag om reduksjon i maksimalprisen i barnehagar frå kr 3 135,- (januar 2022) og kr 3 050,- (august 2022) til kr 3 000,- frå 01.01.2023. Det skal betalast maksimalt 6 % av brutto løns- og kapitalinntekt i hushaldet. I hushald med låg inntekt blir det gitt 20 timar gratis kjernetid til 2-, 3-, 4- og -åringar. Styrarane i dei to barnehagane har vurdert sattsane for kostpengar og det blir ikkje gjort framlegg om å auke satsen som er kr 390,- per

månad. For familiar som har tre eller fleire born i barnehage samtidig, foreslår regjeringa fra 1. august 2023 å innføre gratis barnehage frå det tredje barnet.

#### SFO:

Det har vore eit mål om at SFO skal drivast etter sjølvkostprinsippet. Satsane til Giske kommune har vore av dei høgaste i høve til dei omliggande kommunar. Det blir difor gjort framlegg om ei auke på 3,7 % frå 2023. Satsar for opphald tre og fire dagar per veke blir 60 % og 80 % av fem dagar med eit tillegg på 10 %. Eigen sats for kjøp av ekstra timar og dagar i SFO. Etter søknad kan føresette i husstandar med låg inntekt få redusert foreldrebetaling. Elevar i 1. klasse fekk frå hausten 2022 rett til 12 timar gratis SFO. Foreldrebetalinga skal vere på seks prosent per plass. Tilbodet skal vere gratis for elevar med særskilde behov frå femte til sjuande klasse.

#### Helsestasjon:

Det har tidlegare vore utleige av utstyr til sjølvkost. Framover vil ikkje helsestasjonen lenger stå for slik utleige. Det er alt slutt på utleige av pumpesett.

#### Omsorgstenestene:

Det har blitt rydda i teksten. Ingen andre endringar.

#### Teknisk eining:

Sjølvkostberekning for mange av satsane.

I punkt 5.2 aukar alle gebyra bortsett frå eitt gebyr med 4,84 %. Sats for bustad/fritidsbustad, 3-vekersak - bygningstype 111-124, 161-163 skal reduserast med 26,61 %. Tidsbruken for denne type saker har vore overestimert.

Satsane for renovasjon aukar mest. Bakgrunnen for gebyrauken kjem av fleire faktorar. Kostnadsauken er ei av dei. Det er venta at den totale kostnadssida for hushaldningsrenovasjon aukar med om lag kr. 700 000 frå 2022 til 2023. Dette tilsvarar 5,2 % jf. budsjettnotatet. Basert på prognose ligg det eit underskot (negativt sjølvkostfond) på renovasjonsområdet på om lag kr. 2,5 million ved utgangen av 2022. Bakgrunnen er at kommunen gjekk nesten kr. to millionar i underskot i sjølvkostkalkylen for 2021. Basert på prognosen for 2022, ligg det ann til et underskot i 2022 på nye kr. 1,6 millionar. Innbyggerane må altså, i tillegg til å dekke auka drifts- og investeringskostnader på sjølvkostområdet, hente inn igjen det forventede framførbare underskotet i løpet av de neste par åra. Det er strenge krav til sjølvkost innanfor hushaldningsrenovasjon, og kommunen må halde seg til regelverket i Selvkostforskriftens § 8 som seier at kommunen er pliktig til å hente inn igjen underskotet i løpet av fem år: "Hvis differansen mellom årets gebyrinntekter og årets gebyrgrunnlag viser et underskudd, skal underskuddet dekkes inn ved å bruke av selvkostfondet, så lenge det er tilgjengelige midler på fondet. Et underskudd som ikke dekkes inn ved å bruke av selvkostfondet, skal fremføres i selvkostregnskapet til inndekning i et senere år. Et underskudd som er fremført, skal dekkes inn av et fremtidig overskudd senest i det femte året etter at underskuddet oppsto." Giske kommune skal balansere drifta, altså få et resultat = 0 i 2023. Kommunen vil så bruke dei påfølgjande tre åra (2024-2026) på å hente inn igjen det framførbare underskotet på sjølvkostområdet. For å få resultat = 0 i 2023 så krev det ei gebyrauke på 23,7 %. Blir det vedtatt ei lågare gebyrauke enn dette, så må ein rekne med ytterlegare underskot på sjølvkostområdet i 2023, og større gebyrauke i dei påfølgjande tre åra.

Forbruksgebyr for vass og avlaupsgebyr: Omrekningsfaktoren mellom areal (m<sup>2</sup>) og volum (m<sup>3</sup>) skal settast til 1 for alle bygg utanom landbruk. Tidlegare måtte alle betale ein minstesats. No betalar alle med vassmålar etter faktisk forbruk.

Feiing: Kommunen kravde som vanleg inn avgift for feiing under koronaperioden. Feiinga blei sett på pause, og kommunen hadde reduserte utgifter til feiing og tilsyn. Overskotet skal nyttast i ein periode til å redusere satsane. Prinsippet blir det motsette av kva som er tilfelle for auken i satsane for renovasjon.

Sal og skjenking:

Ny sats for skjenking ved enkelt høve. Maksimalsats i 2022 er kr 5 500,-. Kommunane har høve til å vedtak egne satsar i tillegg til maksimalsatsen. I f-sak var det gjort framlegg om to reduserte satsar.

- Arrangement med inntil 150 personar får same sats som for ambulerande løyve (per i dag kr 400)
- Arrangement med inntil 500 personar får eigen sats, kr 2 500,-
- Arrangement med meir enn 500 personar får ordinær sats (som ved fast løyve, kr 5 500)

Utleigebustadar:

Satsane aukar med konsumprisindeksen september 2021 – september 2022, som er 6,9 %.

Vigsel:

Ein ny sats, jf. k-sak 56/2022.

Kyrkjene:

Framlegg frå Giske kyrkjelege fellesråd om auke på 3,7 % på alle satsane.

**Heimelsgrunnlaget:**

Bortsett frå takstar regulert gjennom lov, forskrift eller andre statlege vedtak står det kommunen fritt til å fastsetje nivå på sine betalingsatsar.

**Økonomiske**

**konsekvensar:**

Inntekter frå gebyr og betalte tenester er vesentlege tilskot til drifta av dei tenestene kommunen leverer.

**Vurdering:**

Det blir kvart år i samband med økonomiplanen for komande fireårsperiode gjort vurdering av kva endringar som bør eller må gjerast i gebyr- og betalingsområda til kommunen. For 2023 er det foreslått slike endringar over pris-/lønsvekst: private planar 3,82 %, bygge- og delesaksbehandling 4,84 %, oppmåling 9,38 %, eigarseksjonering 4,35 %, tilknytning vassgebyr 15,4 %, abonnement vassgebyr 13,3 %, forbruk vassgebyr 16,3 %, tilknytning avlaupsgebyr 3,3 %, abonnement avlaupsgebyr 2,7 %, forbruk avlaupsgebyr 3,5 %, slam 7 %, renovasjonsgebyr 23,7 % og satsar for utleigebustadar 6,9 %.

Satsen for feiing blir redusert med 20 %. Maksimalsats for barnehage blir redusert med 1,64 % frå hausten 2022.

